


1500 på Dønhaug i kveld(kl.22)



køene var lange på Dønhaug ikveld

Hvis vergudane legg band på seg ligg Festidalen an til å bli eit rekordarrangement. Allereie klokka 22 ikveld var det 1500 innanfor sperringane på Dønhaug og framleis var det venta mange som hadde bestilt men ikkje møtt. Veret var litt kjølig, men elles fint og festivalfolket koste seg i sommarkvelden, Festivalsjefen Bjørn Olav Tveit presiserte imidlertid at grensen på 2200 står fast. Det har tidlegare vore 1800 inne på det meste,



[Bjørn Olav Tveit var forståelig nok svært fornøgd og her fortel han om besøket](#)

uskedalen.no foretok ein høgst uformell av mat og drikke og fant at det nye ølet Solfjell kunne hevda seg svært bra blant dei 10 sortane som puben lokka med, Men eit lett meksikansk øl låg ikkje langt etter. Ellers har arenaen brusbu, der både brus og vatn kostar 30 kroner. Det er kanskje naudsynt å presisera at vatnet ikkje er tappa rett frå springen, men at det er lmsdalsvatn - altså frå Østerdalen. Årets hamburgar er også svært vellukka og det gjeld også brødet og resten av retten.



[ÅRETS NORSKE ØL HEVDA SEG BRA OG HER VERT DET SELD AV MOEN FRÅ IJOSNES](#) Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen



BRUS OG VATN VART SELD AV KRISTIAN KLETTE HANSEN, VILJAR SIMONES TVEIT OG MATIN HJELMELAND ARNESEN